


Eldre i poliklinisk behandling

Dei hyppigaste psykiske lidningane hos eldre er dei same som hos den yngre del av innbyggjarane og kan bli behandla på same måte som yngre. Eldre kan i tillegg ha andre, aldersrelatererte utfordringar. I fleire europeiske land har 35 % av dei eldre hatt ei psykisk lidning i løpet av det siste året, og norske studier viser ein auke i førekomsten av depresjon hos eldre. Førekomsten av demens er på 5-10 % hos eldre. Psykiske problem er ofte samansette, og utgreiing og behandling skjer både i primærhelsetenesta, geriatriske, nevrologiske, alderspsykiatriske og allmennpsykiatriske avdelingar og poliklinikkar. Organisering av tenestene kring psykisk lidning hos eldre er ulik i ulike delar av landet.


Utval og definisjonar

Pasientar i alderen 65 år og eldre som i 2014–2018 hadde minst ein poliklinisk kontakt i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar eller hos avtalespesialistar i psykisk helsevern, er inkludert i utvalet.

Polikliniske kontaktar er definert som kontaktar der pasienten (eller pårørande) var fysisk til stades, og blei skriven inn og ut same dato (inkluderer både polikliniske konsultasjonar og dagbehandling). Indirekte polikliniske kontaktar er ikkje inkludert her.



Kjelde: NPR/SSB
 Pasientrate for poliklinisk behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar: Tal eldre pasientar (65 år og eldre) per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.




Kjelde: NPR/SSB
 Kontakttrate for poliklinisk behandling for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar: Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Resultat

Kvart år var 15 000 eldre i poliklinisk behandling ved psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller avtalespesialist psykisk helsevern, med knapt 104 000 polikliniske kontaktar per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 12 til 36 eldre i poliklinisk behandling per 1 000 innbyggjarar per år. Kontaktraten varierte i buområda frå 44 til 413 kontaktar per 1 000 innbyggjarar, med 122 som gjennomsnittleg årsrate.

Eldre hadde i gjennomsnitt 7 polikliniske kontaktar per år, men talet



Kjelde: NPR/SSB
 Kontakttrate, inndeling etter sektor. Poliklinisk kontakttrate for eldre (65 år +), fordelt på buområde og landet, med prosentvis inndeling av behandling i sektorane psykisk helsevern (PHV), tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar (TSB) og avtalespesialistar, psykisk helsevern (Avt). Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018). Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

Variasjonen i poliklinisk behandling er særleg stor for eldre pasientar. Eldre i Helse Nord har tydeleg lågare poliklinisk kontakttrate enn eldre frå landet elles, med høgast rate i Helse sør-Øst. Både kontakttrate, pasientrate og polikliniske kontaktar per pasient er høgast i Oslo, der også bruk av avtalespesialistar er høg. Kontaktraten for eldre er lågare enn for vaksne, barn og unge, og variasjonen mellom buområda er større for eldre enn for dei andre aldersgruppene.

Så tydeleg store variasjonar i poliklinisk behandling av pasientar med alvorlege lidningar gir mistanke om underforbruk av tenestene i delar av landet, og er uønska.